



Skiltet til DS Aalvik vart overrekt til veteranskiplaget i Bøkkerverkstaden laurdag, men korleis gjekk det egentleg med båten?

Den gjekk ut av fart på syttitalet og sokk etter nokre år på grunt vatn på Nord-Statland i Nord-Trøndelag. Og der ligg vraket framleis.

Historia tok til i 1929 då båten vart levert frå Mjellem og Karlsen i Bergen som lokalrutebåt for HSD. Den var konstruert for å kombinera turistfart med føring av tyngre gods for tungindustrien i Hardanger. Båten vart sett inn i turistfart om sommaren og gjekk i ekspressruta Bergen-Odda om vinteren.

DS Aalvik vart utsett for litt av kvart. I 1942 kolliderte båten med HSDs lokalrute Rosendal ved Granvin og året etter rente den inn i ein tysk ubåt. Eksplosjonen i Bergen 20. april 1944 påførte Aalvik store skadar ettersom den låg ved Holbergskaien då det smalt.

I 1962 vart han ombygd til fraktefarty på Karmøy og hadde i åra som kom fleire namn og eigarar. I 1983 fekk båten slagside og sokk på grunn av for mykje snø.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen